

## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TROMSØ SV 2016

Styret i Tromsø SV har hatt slik samansetning etter konstituering 08.02.16 (valt på årsmøtet 30.01.16):

Leiar	Pål Julius Skogholt
Nestleiar	Ingrid Marie Kielland
Skrivar	Ellen Herland
Kasserar	Jørund Jørgensen
Styremedlemmar	Abdalla Ali Mohammed Anders Torgeir Lind Bjarne Rohde Johanne Lunde (SU)
Varamedlemmar	Jens Revold Reidun Heggen Stein Valkoinen

Pål Julius og Anders tar hovedansvar for Facebook, Twitter, nettside med meir.  
oooooooooooooo

### **Styremøte**

Styret har hatt **12 styremøte** i perioden 12.01. – 20.10.16.. Oppmøtet har vore litt varierande, men nok til at vi var vedtaksføre. Stort og godt engasjement heile vegen. Alle møta har gått føre seg på partikontoret..

### **Medlemsmøte/opne møte i 2016**

17.06.16: "Oppsummering av året som har gått siden valget og fremover etter overgangen til formannskapsmodellen". Innleiarar: Gunhild Johansen og Inrid Marie Kielland. Stad: Partikontoret. 8 medlemmar møtte.

12.08.16: "Integrering og fordelingsspørsmål" – Møte med Snorre Valen. Stad: Quality Saga Hotel. Ca. 15 medlemmar møtte.

22.08.16: «Arbeidsprogrammet til SV» på partikontoret

17.11.16: "Tillitsreformen og kommunebudsjettet for 2017". Innledere Gunhild Johansen og Ingrid Marie Kielland. Stad: Qualiry Saga Hotel. 12 medlemmar møtte.

1. mai-frukost på partikontoret. Godt oppmøte.

## **Arbeidsplan 2016 for Tromsø SV**

Årsmøtet i Tromsø SV i 2016 vedtok slik arbeidsplan:

### *Arbeidsplan for Tromsø SV*

*Dette dokumentet skal gje ei retning for arbeidet i Tromsø SV i året som kjem. Planen vil ikkje kunne følgjast slavisk, men vere retningsgjevande.*

*2016 er eit mellomvalår. Det blir viktig å legge grunnlaget for ein god valkamp i 2017 og gje medlemmane gode kanalar for innverknad på politikken i Tromsø kommune. Forøvrig er det viktig at Tromsø SV legg til rette for at medlemmane skal ha innflytelse på prosessar sentralt i partiet.*

### *Mål for året:*

1. *Styret skal legge til rette for at medlemmane får reell innverknad på prosessen med å lage nytt arbeidsprogram i SV fram mot vedtak på landsmøtet i 2017*
2. *Styret skal legge til rette for at medlemmane får innverknad på politikken i Tromsø kommune. Arbeide for å ta vare på sigrane vi fekk i samarbeidserklæringa mellom SV, Raudt og Ap om styringa av Tromsø kommune.*
3. *Tromsø SV skal vere ein arena for utvikling av politikk.*

### *Handlingar*

- *Arrangere møter om sentrale tema, og legge til rette for gode vedtak*
- *Arrangere ulike lågterskeltiltak/sosiale tiltak for at det skal bli lettare å bli med i partiarbeidet.*
- *Vidareutvikle kommunikasjonen med medlemmar og andre ved bruk av e-post, sosiale media og andre kanalar*

## **Oppfylling av arbeidsplanen**

2016 har vore eit got år for Tromsø SV. Medlemstalet er i vekst, det er god utvikling på dei lokale meiningsmålingane og måla i arbeidsplanen er i stor grad oppfylle.

Vi har arrangert to medlemsmøter for å bidra til at medlemmane i Tromsø SV kan innverke på arbeidsprogrammet til SV. Vi meiner sjølv at vi har gjeve god moglegheit til medlemmane å delta på politikkutviklinga lokalt gjennom medlemsmøter og gjennom å gje gode moglegheiter til å ha kontakt med kommunestyregruppa. Tromsø SV sendte innspel til arbeidsprogrammet etter medlemsmøta.

Vi har ikkje vore flinke nok på sosiale arrangement og vi har ei utfordring med å klare å aktivisere fleire medlemmar i politikkutvikling. Styret opplever at kommunikasjonen med medlemmane er god.

Medlemmar i Tromsø SV med verv på fylke og nasjonalt:

- Endre Lund Eriksen, sentralstyremedlem
- Julie Wilhelmsen, medlem i fagleg utval
- Torgeir Knag Fylkesnes, stortingsrepresentant
- Ellen Øseth, gruppeleiar på fylkestinget
- Bjarne Rohde, fylkesleiar og landsstyrrepräsentant

Kommunale verv:

- Ingrid Kielland, formannskapet og gruppeleiar
- Gunhild Johansen, leiar i Helse- og omsorgskomiteen
- Pål Julius Skogholt, byutviklingskomiteen
- Benjamin Notkevich, oppvekstkomiteen

**Medlemstal pr. 31.12.15 var 199 og 31.12.16 er det 203 medlemmar. Tromsø SV er femte største lokallaget i SV**

Pål Julius Skogholt  
(sign.)

Ingrid Marie Kielland  
(sign.)

Jørund Jørgensen  
(sign.)

Abdalla AliMohammed  
(sign.)

Bjarne Rohde  
(sign.)

Anders Torgeir Lind  
(sign.)

Ellen Herland  
(sign.)

Johanne Lunde (SU)  
(sign.)